

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

skyss 



Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

Vår ref.: 2021/16524-3

Dykkar ref.:

Bergen, 13.04.2021

Tapte billettinntekter i kollektivtransporten på grunn av manglende betaling frå reisande

Vi viser til brev med ref. 20/787-12 om tapte billettinntekter i kollektivtransporten grunna manglende betaling frå reisande.

Vestland fylkeskommune ved Skyss har gjennom heile perioden med pandemi hatt ei kontinuerleg vurdering og oppfølging av moglege tiltak for å auke delen av betalende passasjerar innanfor rammene av dei til kvar ein tid gjeldande smitteverntiltaka. Dette har vore, og er framleis, ei særskild krevjande oppgåve som inneheld vurderingar som til dømes å sikra eit trygt arbeidsmiljø for sjåførane, sikra eit trygt arbeidsmiljø for kontrollørane og verna passasjerane mot smitte.

Det er også naturleg å nemne at passasjergruppa som betalte hjå bussjåfør før pandemien var marginal, og at dei aller fleste nytta billettapp for kjøp av billettar.

Skyss har jobba med, og vurderer vidare tiltak, på desse fire områda for å auke delen av betalende passasjerar på kollektive transportmiddel:

Opne framdører

Det vart i byrjinga av pandemien opna for at operatørane kunne stengje framdører grunna usikkerheit rundt viruset og korleis det smitta. I juli 2020 kom ein ny nasjonal rettleiar for kollektiv, kor stengte fordører ikkje lengre vart nemnd eksplisitt. Skyss oppdaterte informasjon til operatørane og bad om at framdør vart opna og sperring bak sjåfør fjerna. Det var berre bussoperatørane i tidlegare Sogn og Fjordane som retta seg etter dette. Heilt sidan juli 2020 har Skyss aktivt hatt dialog med operatørane i tidlegare Hordaland om å opne framdører. Dette har ikkje vore mogleg å gjennomføre enda, grunna stor motstand frå tillitsvalte og verneombod grunna smittefrykt.



Skyss har saman med leiarar hos operatørane, tillitsvalde og verneombod hatt dialog med smittevernmynde i Bergen for å tuft dialogen på smittevern faglege tilrådingar og på kjennskap til korleis viruset smittar. Det er frå fleire miljø, også nokre helsefaglege, rapportert om at det er positive effektar ved open framdør, som blant anna gjennomstrøyming av luft gjennom buss/transportmiddel, noko som høgst sannsynleg bidrar til redusert moglegheit for smitte. I tillegg sikrar opne framdører at passasjerane i mindre grad møter kvarandre ved på- og avstiging ved bakre dør, noko som også er positivt med omsyn til smittefare for alle om bord.

Denne smittevern faglege dialogen har enda ikkje ført fram. Også bussjåførar er i risikogrupper, og operatørane har valt å ta omsyn til sjåførane si oppleving av kva som er eit sikkert arbeidsmiljø. I tillegg er det naturleg å peike på at dei nasjonale smittevernmynde (Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet) ikkje har gjeve ein tydeleg felles regel om lukka/opne framdører i nasjonal rettleiar for kollektiv, sjølv om bransjen gjennom Kollektivtrafikkforeningen har etterlyst dette heilt sidan byrjinga av pandemien. Derfor opplever vi det som avgjerande at helsemyndigheitene kjem med ein tydeleg anbefaling om når framdører skal vera opne og når dei skal stengast, og også vurderer om det er situasjonar det er trong for at dei skal stengjast.

Då vi har møtt svært stor skepsis til opning av framdør i områder der dei framleis er stengd, er det ikkje realistisk å få opna fordører før myndigheitene i plan for gjenopninga av samfunnet gjev tydelege føringar for kollektivområdet, og heilt konkrete kriterium for når dører skal vera opne/stengde, utan at vi som oppdragsgjevar kjem i direkte konflikt med operatør sine verneombod og organisasjonane til dei tillitsvalte.

Informasjon- og haldningskampanjar

Skyss har over tid hatt fokus på haldningskampanjar for å motverke snik. I 2020 vant vår kampanje prisen for «beste effekt» i Bergen Salgs- og Reklameforening sin årlege reklameprisutdeling. Den var også nominert i kategorien «beste kampanje».

I 2021 har vi vidareutvikla denne kampanjen med gjennomføring 1.halvår, og vi har under vurdering å gjennomføre tilsvarande kampanje i 2. halvår.

Kontrollverksemd

I 2018 var snikandelen på rundt 12%. I 2019 auka vi kontrollverksemda gjennom auka rammer. Dette, saman med haldningskampanjar, resulterte i at snikandelen vart halvert til rundt 6 prosent.

I budsjettet for 2020 vart rammene for kontrollverksemda noko redusert. Året 2020 vart utfordrande med korona, som også reduserte moglegheitsrommet for ordinær



billettkontroll og i tillegg var det ein langvarig vektarstreik, som også reduserte moglegheitene for å utøva kontrollverksemda, då Skyss nyttar vektarar gjennom rammeavtale til billettkontrollar.

Teljekontrollar gjennomført i juni og desember 2020, synte ein vesentleg auke i snikandelen til høvesvis 27% og 33%. For 2021 er det sett av tilsvarande rammor som i 2020 til kontrollverksemd, og det vert no gjennomført maksimalt tal billettkontrollar innanfor desse rammene. Naudsynt smittevern gjer at kvar enkelt billettkontroll tek noko lenger tid enn i ein normalsituasjon. Auka aktivitet utover det som allereie er planlagt lyt finansierast gjennom tilleggsøyvingar, og dette vert vurdert som tiltak.

Alternativ betalingsmoglegheit – SMS-billett

I påvente av opne framdørar, kan innføring av SMS-billettar være aktuelt som eit midlertidig tiltak, inntil bruk av kontantar og tilgang til betaling med bankkort lar seg gjennomføre. For å nytte SMS-billett er det ikkje trong for smart-telefon. Det er gjort nokre vurderingar rundt fordelar og ulemper med innføring av SMS betaling, samt kostnaden i samband med dette. Tidshorisonten knytt til gjenopning av framdørar vil påverke nødvendigheita/fornufta i ein eventuell innføring av dette som eit mellombels tiltak.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Karl Inge Nygård
leiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift